



DET KONGELIGE DIGITALISERINGS-
OG FORVALTNINGSDEPARTEMENT

Nasjonal kommunikasjonsmyndighet
Postboks 93
4791 LILLESAND

Deres ref

Vår ref
25/3112-13

Dato
17. april 2026

Supplerande tildelingsbrev nr. 1 for 2026 - Nasjonal kommunikasjonsmyndigheit

Digitaliserings- og forvaltningsdepartementet (DFD) viser til tildelingsbrev til Nasjonal kommunikasjonsmyndigheit (Nkom) for 2025. Dette supplerande tildelingsbrevet gjeld følgande fem saker:

1. Overføring av ubrukte løyvingar frå 2025 til 2026
2. Vidare arbeid med Sivilt beredskapssystem og underliggande planverk
3. Oppfølging av totalberedskapsmeldinga – utarbeiding av tilstandsvurdering
4. Deltaking i interessentdialog - kjøp av posttenester
5. Identifisere behov for regelverksendringar, tilsynsrutinar og rettleiing til postsektoren

1. Overføring av ubrukte løyvingar frå 2025 til 2026

Finansdepartementet har godkjent overføring av følgande ubrukte løyvingar frå 2025 til 2026:

Kap 1543 Nasjonal kommunikasjonsmyndigheit

Post		Beløp (kroner)
Post 01	Driftsutgifter	13 883 000
Post 22	Nytt nødnett	15 000 000
Post 45	Større utstyrskjøp og vedlikehald	10 728 000
Post 70	Telesikkerheit og -beredskap	140 204 000
Post 71	Funksjonell internettilgang til alle	573 000

Dei overførte beløpa blir stilte til disposisjon for Nkom.

Postadresse
Postboks 8004 Dep
0030 Oslo
postmottak@dfd.dep.no

Kontoradresse
Akersg. 59
www.dfd.dep.no

Telefon*
22 24 90 90
Org.nr.
932 384 469

Avdeling
Avdeling for
digitaliseringspolitikk

Saksbehandler
Eirik Hildal
22 24 81 84

2. Vidare arbeid med Sivilt beredskapssystem og underliggende planverk

DFD viser til Hovedinstruks for Nasjonal kommunikasjonsmyndighet, punkt 4.4.2, der det går fram at etaten skal ha nødvendige krise- og beredskapsplanar og at relevante delar av Sivilt beredskapssystem (SBS) må vere operasjonaliserte.

Nkom skal ha ein eigenberedskap som sikrar at etaten til kvar tid er i stand til å vareta rolla si ved kriser og andre hendingar innanfor heile krisespekteret.

Som eit ledd i planverksutviklinga, skal Nkom bidra i arbeidet med oppdatering av Sivilt beredskapssystem (SBS) innanfor eige ansvarsområde. Oppdateringar av SBS skal også vurderast i lys av den teknologiske utviklinga og forankrast med relevante ekomtilbydarar.

Nkom skal vidareutvikle beredskapsplanar basert på SBS for eiga verksemd, jf. Instruks for departementets arbeid med samfunnssikkerhet (samfunnssikkerhetsinstruksen). Planverket skal omfatte øvre del av krisespekteret. I tillegg skal Nkom utpeike private verksemdar innanfor eigen sektor som skal utarbeide eigne beredskapsplanar som er avstemte med og understøttar SBS. Nkom skal stille krav til tiltaksplanar gjennom særskilt avtale eller pålegg til relevante ekomtilbydarar.

Frist: 15. august 2026 for elektronisk kommunikasjon og Nkoms eiga verksemd og 31. desember 2026 for post, satellitt og datasenter.

Kontaktperson i DFD: Bente Lund Michaelsen.

Kontaktperson i SD: Maiken Auvi Raaen

3. Oppfølging av totalberedskapsmeldinga - utarbeiding av tilstandsvurdering

DFD viser til førebels bestilling om oppfølging av totalberedskapsmeldinga i e-post av 15. januar, der DFD informerte om at bestillinga på grunn av korte tidsfristar blei sendt slik at Nkom kunne planlegge og starte arbeidet, og at dette ville følgast opp av eit supplerande tildelingsbrev.

Bestillinga innebar utarbeiding av ei tilstandsvurdering for det kritiske samfunnsområdet «digital infrastruktur.» DFD har no mottatt bestillinga frå Justis- og beredskapsdepartementet om slik tilstandsvurdering, og har lagt denne ved dette supplerande tildelingsbrevet.

DFD ber Nkom om å utarbeide ei tilstandsvurdering i tråd med oppdraget frå Justis- og beredskapsdepartementet. Nkom må sørge for å gjere nødvendige avklaringar med DFD undervegs i arbeidet, samt å rapportere på status etter nærmare behov og avtale.

Frist for oversending til DFD av tilstandsvurderinga: 8. mai 2026.

Kontaktperson i DFD: Bente Lund Michaelsen.

4. Deltaking i interessentdialog – kjøp av leveringspliktige posttenester

SD viser til tidlegare dialog om deltaking i interessentdialog med aktørane i postmarknaden.

SD har invitert til interessentdialog for aktørane i postmarknaden. Føremålet med dialogen er å hente inn informasjon om tenester og aktørar i og utanfor postmarknaden. Informasjonen

skal danne grunnlaget for departementet si vurdering av moglegheita for effektivisering og korleis framtidige kjøp eller direkteutpeiking av posttenester skal innrettast, mellom anna kva posttenester staten må kompensere for å oppretthalda og i kva omfang. SD planlegg for å innføre ei ny ordning for leveringspliktige posttenester frå 1. juli 2027.

SD ber Nkom om å halde av nødvendige ressursar for å delta i interessentdialogen saman med SD.

Kontaktperson i SD: Karl Fartein Nordling.

5. Identifisere behov for regelverksendringar, tilsynsrutinar og rettleiing til postsektoren

SD viser til oppdrag nr. 5 og 9 i tildelingsbrev av 16. februar 2026. Samstundes viser SD til regjeringas avgjerd om å arbeide for meir effektive løysingar innanfor gjeldande lov i staden for å leggje fram ei ny postlov denne våren.

SD meiner det er nødvendig å identifisere behov for regelverksendringar, tilsynsrutinar og rettleiing til sektoren for å sikre at posttenestene har forsvarleg sikkerheit og oppfyller framtidig regulering samt for å oppnå målsettinga om gode, trygge og framtidsretta posttenester i heile landet, også etter gjeldande postlov.

SD ber derfor Nkom om å halde fram med oppgåvene som følger av oppdrag nr. 5 og 9 i tildelingsbrevet, men at dette gjerast innanfor rammene av gjeldande postlov.

Kontaktperson i SD: Maren Eline Klonteig

Med helsing,

Siri Halvorsen (e.f.)
ekspedisjonssjef

Timothy Szlachetko
avdelingsdirektør

Dokumentet er elektronisk signert og har derfor ikke håndskrevne signaturer

Kopi

Riksrevisjonen
Samferdselsdepartementet

Vedlegg